



Kommunane i Vestland

Saksbehandlar, innvalstelefon

Håvard Rød, 5557 2143

## Ordinært skjønstilskot for 2027

Statsforvaltaren må innan tidleg i september i år fordele ordinært skjønstilskot mellom kommunane for 2027. Fordelinga vil bli offentleg i samband med framlegginga av statsbudsjettet i oktober for neste år.

Dersom kommunen ønskjer å sende opplysningar til Statsforvaltaren i samband med fordelinga, må vi be om å få dette innan måndag 10. august. Vi ber om at ei eventuell tilbakemelding er kortfatta.

Hovudføremåla med skjønsmidlane er:

- å fange opp lokale tilhøve som ikkje er tekne i vare godt nok i inntektssystemet eller i andre tilskotsordningar
- gjere ei heilskapleg vurdering av kommunane sin økonomi og behov
- skjønsmidlane bør bli gitt på grunnlag av den overordna økonomiske situasjonen til kommunane, og ikkje på grunnlag av tilhøve i einskildståande sektorar

Basisramma i 2026 for skjønstilskot i landet blir vidareført nominelt uendra i 2027, det vil seie med kr 830 mill. Vestland si ramme vart redusert for 2026, og vi må rekne med at ramma blir ytterlegare redusert for 2027.

Dersom det er spørsmål, kan kommunane ta kontakt med Håvard Rød (55572143), Marit Lunde (57643005) eller Edvard Høgestøl (55572045) hjå Statsforvaltaren, eventuelt på e-post.

Med helsing

Liv Signe Navarsete

Synnøve Stalheim  
direktør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*